Innst. S. nr. 66.

(1998-99)

Innstilling frå finanskomiteen om Kredittmeldinga 1997.

St.meld. nr. 55 (1997-98).

Til Stortinget.

1. INNLEIING

1.1 Samandrag

Etter omlegginga av Kredittmeldinga som vart varsla i Kredittmeldinga 1995, skal meldinga no i større grad enn tidlegare vere eit dokument som omhandlar aktuelle saker på finansmarknadsområdet.

Årsmeldingane frå Noregs Bank, Kredittilsynet, Statens Banksikringsfond, Statens Bankinvesteringsfond og Folketrygdfondet følgjer som utrykte vedlegg til meldinga. Framstillinga er på enkelte punkt ført fram utover årsskiftet 1997/98.

Det er i avsnitt 1.2 i meldinga gitt oversikt over utviklinga på finansmarknaden.

1.2 Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Dag Terje Andersen, Kjell Ivar Fossnes, Ranveig Frøiland, Trond Giske, Frank Willy Larsen, Tore Nordtun og Hill-Marta Solberg, frå Framstegspartiet, Siv Jensen, Per Erik Monsen og Kenneth Svendsen, frå Kristeleg Folkeparti, Randi Karlstrøm, leiaren Lars Gunnar Lie og Ingebrigt S. Sørfonn, frå Høgre, Børge Brende, Per-Kristian Foss og Kjellaug Nakkim, frå Senterpartiet, Eli Sollied Øveraas, frå Sosialistisk Venstreparti, Øystein Djupedal, frå Venstre, Terje Johansen og frå Tverrpolitisk Folkevalde, Steinar Bastesen, tek departementet si orientering til etterretning.

Komiteen har elles ingen merknader.

2. STRUKTURPOLITIKKEN PÅ FINANSMARKNADSOMRÅDET

2.1 Innleiing

2.1.1 Samandrag

Den finansielle sektoren spelar ei nøkkelrolle i den moderne økonomien, ved å formidle betalingar, kanalisere sparing og fordele risiko. Bankane utgjer kjernen i eit slikt system, fordi størstedelen av betalingar og kredittar blir kanaliserte gjennom bankane. Sparemønsteret i hushaldningane har endra seg i retning av meir langsiktige spareprodukt, og det har ført til at institusjonelle investorar som forsikringsselskap og verdipapirfond har vorte ein stadig viktigare konkurrent til bankar og andre tradisjonelle kredittinstitusjonar.

Formålet med strukturpolitikken på finansmarknaden er å prøve å sikre eit solid finansvesen som fungerer godt. Strukturpolitikken må bidra til å bygge opp under den samfunnsutviklinga som elles har politisk forankring. Eit viktig omsyn i strukturpolitikken er å skape tilstrekkeleg konkurranse, slik at kjøparar av finansielle tenester har alternative tilbod å velje mellom, og slik at ressursbruken i næringa blir effektiv. Ein må sjå samanslåing eller oppdeling av føretak som ein viktig og naturleg del av næringsutviklinga i eit land. Ved fusjonsdanning har ein sjanse til å dra nytte av synergieffektar på kostnadssida eller inntektssida. Mellom anna har omsynet til å få ned kostnadene ått sentralt når det gjeld å forklare fusjonar. Ein kan òg få fusjonar fordi dei som tek over eit føretak meiner å sjå eit anna og betre grunnlag for overskott av verksemda.

Styresmaktene har likevel høve til å gripe inn, dersom desse strukturendringane går på tvers av dei omsyn som ein skal ta vare på gjennom strukturpolitikken. Dei omsyn som styresmaktene skal ta, og som er regulerte gjennom lovgivinga, er å sjå til at konkurransen og soliditeten er forsvarleg. Konkurranse er gunstig fordi det stimulerer til effektiv ressursutnytting og så låge prisar som råd for forbrukarane. For sterk konkurranse kan gi låg inntening og svekt soliditet. Reguleringa av finansinstitusjonane tek i stor grad sikte på å gjere midlane til kundane mindre risikoutsette ved at ein set grenser for kor stor risiko institusjonane kan ta. Reguleringa har såleis òg som formål å sikre stabiliteten i finanssystemet. Dei norske reguleringane følgjer i all hovudsak internasjonale standardar.

Finansmarknaden består av ei rekkje ulike marknadssegment, og konkurransen artar seg ikkje på same

måte i dei ulike segmenta. Eigenskapar ved kvar delmarknad er viktige for konkurransen. Konkurranseintensiteten i ein bransje treng ikkje ha samanheng med kor mange verksame føretak det er, og kor store dei er. Ein marknad kan kjenneteiknast av effektiv prisdanning og lågare kostnader jamvel med heller få aktørar. Men eventuelle etableringshindringar, formelle eller reelle, har svært mykje å seie. Når det er låge etableringshinder i ein marknad, verkar det generelt disiplinerande på produsentane slik at dei produserer kostnadseffektivt. Dei som er i marknaden, står då overfor trusselen om at nye føretak kan etablere seg dersom gevinsten i bransjen blir høg. Di færre etableringshindringar, di sterkare vil konkurransen vere. For det første er det formelle hindringar, slik som konsesjonsplikt, kapitalkrav og kompetansekrav. Føresegna i EØS-avtalen om etableringsrett for filial og rett til å tilby tenester direkte over landegrensene har redusert dei formelle etableringshindringane, og slik sett har dei ført til auka konkurranse i den norske marknaden. Konkurransen kan altså auke utan at det skjer nyetableringar, fordi trusselen om nyetableringar kan hindre dei eksisterande institusjonane i å ta for høge prisar.

Konkurransen i ein marknad er òg avhengig av dei alternativa til bransjen sine produkt som alt finst. Direkte låneopptak i verdipapirmarknaden har i lang tid vore ei vesentleg finansieringskjelde for næringslivet, særleg for dei største føretaka. Konkurransen i denne marknaden er difor sterk. For småføretak og privatpersonar finst det ikkje like klare alternativ til låneopptak frå ein finansinstitusjon. Òg på innlånssida kan konkurransen ha auka som følgje av større tilgang til alternative spareformer. Viktige alternativ til innskott i bank er direkte plasseringar i verdipapirmarknaden i låne- eller eigenkapitalinstrument, og sparing i forsikring. Den avkastning kundane oppnår i verdipapirmarknaden og hos livselskapa, spelar òg inn når bankane konkurrerer om innskottskundar. Bankane har mellom anna møtt denne utviklinga gjennom å etablere eigne verdipapirfond, og dei fleste bankane er dessutan tilknytte livsforsikringsselskap gjennom eigarskap eller samarbeidsavtalar.

Auka konkurranse har truleg hatt innverknad på utviklinga i retning av å danne finanskonsern. Danning av finanskonsern gjennom oppkjøp eller fusjon fører til færre uavhengige finansinstitusjonar. Isolert sett kan det føre til redusert konkurranse i dei marknadene der finanskonsernet har si verksemd. Samstundes er det tilhøve som talar for at oppretting av finanskonsern òg kan føre til auka konkurranse i visse segment av finansmarknaden. For eksempel reknar ein med auka konkurranse i livsforsikringsmarknaden dersom eit livselskap gjennom konserndanning får tilgang til eit betre distribusjonsnett.

Det er i meldinga gjort greie for utviklinga i banknæringa, i forsikringsnæringa, for konkurransetilhøva i finansmarknaden, om konkurransen frå utlandet og om utviklinga i strukturpolitikken.

2.1.2 Merknader frå komiteen

Komiteen tek dette til orientering.

2.2 Departementet si vurdering av retningslinene for strukturpolitikken

2.2.1 Samandrag

Sidan først i 1980-åra har utforminga av strukturpolitikken i første rekkje vore innretta mot å sørgje for at konkurransen ikkje blir skadelidande. Dei trekka som det er gjort greie for i avsnitta 2.2 - 2.5, tyder på at ein har lykkast i dette, og at den marknadskonsentrasjonen som har skjedd over ei tid, ikkje har vore til hinder for ei utvikling mot stadig sterkare konkurranse i den norske marknaden. Samtidig har målsetjinga om eit godt tilbod av finansielle tenester i alle regionar heile tida lege fast. Det er neppe haldepunkt for at tilbodet av tenester og konkurransen i distrikta er svakt. Sett i eit noko lengre tidsperspektiv har det vore ei utvikling frå mange små einingar som i stor grad opererte i ein avgrensa, lokal marknad, til større einingar som driv verksemd over eit større geografisk område. Høvet for utanlandske aktørar til å etablere seg i Noreg og til å drive grenseoverskridande verksemd gjer det òg verre for norske aktørar å opparbeide seg og eventuelt utnytte marknadsmakt.

Samtidig står finansnæringa overfor ei rekkje utfordringar som stiller krav til effektivisering, reduksjon av kostnader og utvikling av drift og strategi. Stadig auka internasjonal integrasjon, teknologisk utvikling og bransjegliding er trekk som talar for framleis høg konkurranse. Det har skjedd endringar i sparemønsteret, med ei dreiing frå tradisjonelle bankinnskott over mot forsikringsprodukt og verdipapirfonddelar. Institusjonelle investorar som forsikringsselskap og verdipapirfond har såleis vorte stadig viktigare konkurrentar til bankar og andre tradisjonelle kredittinstitusjonar. Tilfanget av nye produkt og aktørar er truleg òg med på å auke konkurranseintensiteten, fordi kundane har fått fleire val- og substitusjonsmoglegheiter. Vidare har gjennomføringa av den indre marknaden i EU og EØS ført til auka integrasjon og konkurranse i dei europeiske finansmarknadene. EØS-reglane om etableringsrett for filialar og grensekryssande verksemd har skapt auka konkurranse, medan auken i kravet til minste startkapital isolert sett dreg i motsett retning. ØMU vil, saman med generell internasjonalisering og teknologiske endringar forsterke denne utviklinga og dermed føre med seg ytterlegare omstillingar i finansnæringa i Europa. Det vil òg endre rammetilhøva for norsk finansnæring. Innføringa av euro kjem på kort sikt til å bety mest for bankane. Kva slags verknad innføringa av euro kan ha for norsk finansnæring, er nærmare omtala i avsnitt 5.4 i Revidert nasjonalbudsjett 1998.

Konkurranseforholda for norsk forsikring har dei siste åra vore prega av at internasjonale skadeselskap har vore på veg inn via forsikringsmeklarane i den norske marknaden, samtidig som bankane har etablert seg på livsida ved at dei har overteke etablerte selskap.

Utanlandske selskap som har etablert filial, eller driv grenseoverskridande verksemd i Noreg, har framleis ein heller liten marknadsdel innafor skadeforsikring. Det kan vere ein indikasjon på at konkurransen er sterk. Skadeselskapa møter ingen direktekonkurranse frå dei andre gruppene av finansinstitusjonar i den norske marknaden for reine risikoprodukt. Det finst likevel alternativ for kundane, som omtala i avsnitt 2.3 i meldinga, mellom anna gjennom etablering av såkalla «captives».

Livselskapa konkurrerer direkte med pensjonskasser og pensjonsfond i marknaden for kollektiv pensjonsforsikring. Sidan mange av livselskapa har produkt med eit kombinert spare- og forsikringselement, er det rimeleg at selskapa òg møter ein viss konkurranse frå institusjonar som tilbyr reine sparepodukt. IPA-reglane kan som omtala i avsnitt 2.3 i meldinga, vere med på å forsterke konkurransen med bankar og verdipapirfond. Utanlandske selskap har dessutan formelt høve til å etablere seg i den norske marknaden gjennom filialar eller grenseoverskridande verksemd. Det er likevel usikkert kor stor reell effekt dette har hatt på konkurransen i marknaden for livsforsikringsprodukt.

For å kunne ha ei tilfredsstillande inntening med den konkurranseutviklinga som ein kan vente, har bankane behov for å redusere kostnadene. Samtidig har dei behov for å gjere store nyinvesteringar på IT-sida. Moglege stordrifts- og breiddefordelar i bank- og forsikringsnæringa er eit motiv for mange oppkjøp, fusjonar og danningar av konsern. Empirisk har det vore vanskeleg å finne klare haldepunkt for stordrifts- og breiddefordelar. I enkelte segment kan det likevel vere stordriftsfordelar knytte til mellom anna utbygging og drift av teknologiske system, og der det er store investeringar. Tilsvarande er det argument for å rekne med at det er visse breiddefordelar i distribusjon av bank- og forsikringsprodukt. Men mange fusjonar og oppkjøp er nok først og fremst motiverte ut frå meir strategiske omsyn. Storleiken på finansinstitusjonane kan mellom anna vere viktig for å delta i tilrettelegging og gjennomføring av større internasjonale transaksjonar. For store institusjonar kan det dessutan være lettare å opparbeide tilstrekkeleg kompetanse om meir komplekse finansielle instrument, noko som er viktig for å hevde seg i nye marknadssegment.

Hovudmålet i strukturpolitikken blir framleis å sikre at Noreg har velfungerande og solide finansinstitusjonar, og at det er høg konkurranse mellom institusjonane. Konkurranseomsyn tilseier såleis at ein bør unngå at enkeltinstitusjonar får ein dominerande posisjon, totalt eller i marknadssegmenta sine. Det er dessutan eit mål å halde ved like spreidd aktivitet og kompetanse i næringa med sjølvstendige institusjonar utafor Oslo. Då departementet behandla søknaden frå Den norske Bank om å ta over aksjane i Bolig- og næringsbanken, la ein til grunn ei struktur- og distriktspolitisk målsetjing om å halde oppe minst eitt finansielt tyngdepunkt utafor Oslo.

Departementet meiner òg at det er viktig å ha sentrale finansinstitusjonar med hovudkontor plasserte i Noreg. Som nemnt ovafor (jf. tabell 1.8) er norske finansinstitusjonar små i internasjonal målestokk. Hovudkontoret i eit eventuelt fusjonert selskap blir dermed sannsynlegvis lagt til utlandet, og såleis også leiings-, strategi- og utviklingsfunksjonar. I så fall aukar det avstanden til staden der dei strategiske avgjerdene blir fatta, noko som kan innebere at det blir lagt mindre vekt på kunnskap om lokale forhold i Noreg og spesielle behov norske kundar måtte ha. Det har truleg mest å seie for hushaldninger, små og mellomstore bedrifter og kommunar, som i mindre grad enn større bedrifter har den internasjonale marknaden som eit reelt alternativ.

Kor stor vekt ein skal leggje på desse argumenta, er avhengig av ei rekkje forhold. Det er mellom anna avhengig av kor stor del av finansinstitusjonane som er på utanlandske hender. Dei momenta som er nemnde ovafor, er først og fremst viktige dersom hovudtyngda av større norske institusjonar blir kontrollerte frå utlandet. Dersom utanlandske interesser er inne i mindre grad, er det neppe så viktig, og det kan ha sine fordelar at enkelte institusjonar er i utanlandsk eige. Større internasjonale institusjonar kan føre til nyvinningar innafor drift og utvikling, og at kompetanse frå internasjonale finansmarknader lettare blir formidla til norsk finansnæring enn det som elles ville vere tilfelle.

Ein føresetnad for ei konkurransedyktig og velfungerande finansnæring er effektiv drift av institusjonane og tilstrekkeleg konkurranse på den innanlandske marknaden. Raske endringar både i samfunnet generelt og i finansmarknaden understrekar at norske finansinstitusjonar må ha høve til strategiske og strukturelle tilpassingar som kan vere nødvendige for å sikre ei tilfredsstillande inntening. Etter departementet sitt syn inneber det at ein må halde fast ved ei kvalitativ retningslinje for strukturpolitikken i finansmarknaden. Forsøk på å etablere kvantitative retningslinjer knytte til visse namngitte institusjonar har synt seg mindre hensiktsmessig.

Søknader om samanslåingar mellom store institusjonar bør vurderast i kvart enkelt tilfelle, der mellom anna omsynet til soliditeten i institusjonane inngår i vurderingane. Konsesjonspraksis må ikkje bli innretta slik at han hindrar dei omstillingane som er nødvendige for at finansnæringa skal kunne møte dei utfordringane ho står overfor, mellom anna den auka internasjonale konkurransen. Storleiken på den norske marknaden tilseier at det er grenser for kor langt ein av konkurranseomsyn bør gå i å tillate samanslåingar av større institusjonar. Når det gjeld andre institusjonar, vil ein vise ei fleksibel haldning. Norske og utanlandske institusjonar vil i samsvar med Noreg sine internasjonale skyldnader bli handsama likt i høve til dei strukturpolitiske retningslinjene.

I den samla konsesjonsvurderinga vil departementet såleis leggje opp til å følgje ei restriktiv linje med omsyn til oppkjøp og konsentrasjon av dei største norske finansinstitusjonane og grupperingane. Ein vil i

denne samanheng leggje vekt på at det finst solide og konkurransedyktige institusjonar og grupperingar med regional forankring heimehørande her i landet og å søkje å unngå utflytting eller svekking av finansmiljøet i Noreg.

2.2.2 Merknader frå komiteen

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemen frå Sosialistisk Venstreparti, er samd med departementet i at strukturpolitikken på finansmarknaden og den maktkonsentrasjonen som har skjedd over tid, ikkje har vore til hinder for sterkare konkurranse i den norske marknaden.

Eit viktig omsyn i strukturpolitikken er å bidra til tilstrekkeleg konkurranse slik at kjøparar av finansielle tenester har alternative tilbod å velja mellom, samt at ressursbruken i næringa blir effektiv. I tillegg må finansinstitusjonane sin soliditet og konkurransedugleik bli tillagt stor vekt.

Fleirtalet har merka seg departementet sine vurderingar om bankane sine behov for å redusere kostnadene som følgje av konkurranseutviklinga. Fleirtalet legg til grunn at kostnadene er ein av fleire faktorar som den einskilde institusjon vil vurdera i høve til konkurransen i dei ulike marknadene.

Fleirtalet er samd i at hovudmålet i strukturpolitikken framleis er å sikra at Norge har velfungerande og solide finansinstitusjonar, og at det er høg konkurranse mellom institusjonane. Målet om eit godt tilbod av finansielle tenester i alle regionar ligg framleis fast.

Fleirtalet vil peike på at konkurranseomsyn tilseier at ein bør unngå at enkeltinstitusjonar får ein dominerande posisjon, totalt eller i einskilde marknadssegment.

Fleirtalet meiner det er viktig å halde ved like spreidd aktivitet og kompetanse og slik ta vare på og utvikle gode finansielle miljø også utafor Oslo.

Desse finansielle miljøa må få utvikla seg i tråd med det som ligg i lov og regelverk, ein open marknad der soliditet og konkurranse vert ivaretekne.

Medlemen i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti viser til det som er omtalt i meldinga om strukturpolitikken og vil spesielt understreke at hovudmålet i strukturpolitikken blir å sikre at Noreg har velfungerande og solide finansinstitusjonar, og at det er effektiv konkurranse mellom institusjonane.

Denne medlemen vil peike på at konkurranseomsyn tilseier at ein bør unngå at enkeltinstitusjonar får ein dominerande posisjon, totalt eller i eigne marknadssegment.

Det er såleis viktig å halde ved like spreidd aktivitet og kompetanse og slik ta vare på og utvikle fleire gode finansielle miljø også utafor Oslo. Denne medlemen viser i det høve til Regjeringa si målsetjing om å styrkje dei finansielle tyngdepunkta utafor Oslo, og vil spesielt peike på Trondheim.

3. REGELVERKSUTVIKLING OG FORVALTNINGSSAKER PÅ FINANSMARKNADSOMRÅDET

3.1 Samandrag

I meldinga er det gitt ei oversikt over endringar i regelverket på finansmarknadsområdet som Finansdepartementet har stått for i 1997 og framstillinga er på enkelte punkt ført fram utover årsskiftet 1997/98. Oversikta inneheld mellom anna nye og endra forskrifter og opplysningar om iverksetjing av lover, innan m.a. bank- og finansieringsverksemd, forsikringsverksemd og pensjonsordningar, og verdipapirhandel.

I vedlegg til meldinga er det gitt ei oversikt over departementet sine forvaltningsavgjerder i 1997. I meldinga er det omtale av viktige forvaltningssaker i 1997 og hittil i år.

3.2 Merknader frå komiteen

Komiteen tek departementet si orientering til etterretning.

Komiteen har elles ingen merknader.

4. VERKSEMDA TIL NOREGS BANK I 1997

4.1 Samandrag

Årsmeldinga 1997 for Noregs Bank vart behandla og godkjend i hovudstyremøte 6. mars 1998. Etter §þ28 i lov av 24.þmai 1985 nr. 28 om Noregs Bank og pengevesenet (sentralbanklova) skal årsmelding og årsrekneskap sendast til departementet for å bli lagt fram for Kongen og gjerast kjent for Stortinget. Etter §þ5 i instruks for Riksrevisjonens kontroll med Noregs Bank skal Riksrevisjonen òg sende årsmelding og rekneskap for Noregs Bank til Stortinget. Årsmeldinga følgjer meldinga som utrykt vedlegg.

Det er i meldinga gjort greie for leiing og administrasjon av Noregs Bank i 1997.

Verksemda til Noregs Bank i 1997

Det er i meldinga gitt ei kort framstilling av verksemda i 1997 som byggjer på årsmeldinga frå Noregs Bank. For ein meir utfyllande gjennomgang viser ein til årsmeldinga. Ein viser òg til omtalen av penge-, kreditt- og renteutviklinga i nasjonalbudsjettpublikasjonane.

Noregs Bank har oppgåver knytte til betalingssystema som heilskap. Noregs Bank står for oppgjer av krav og skyldnader mellom bankane, pengeoppgjer av verdipapirhandelen, og har oppgåver knytte til staten si økonomiforvaltning. Som setelbank står Noregs Bank for produksjon og distribusjon av setlar og mynt.

Betalingssystemet er ein viktig del av infrastrukturen i det finansielle systemet. Svikt her kan ha store samfunnsøkonomiske konsekvensar og kostnader. Noregs Bank har lagt særleg vekt på å avgrense risikoen for at problem i ein finansinstitusjon eller ein delmarknad

skal forplante seg til andre institusjonar og marknader gjennom betalingssystema.

Noregs Banks nye system for oppgjer av pengeposisjonar mellom bankane og Noregs Bank (NBO) vart innført 24.þnovember 1997. Målet med systemet er å redusere risikoen og auke effektiviteten i betalingsoppgjeret.

Dei landa som har slutta seg til Den økonomiske og monetære unionen (ØMU-landa), er i ferd med å etablere eit felles system for grensekryssande betalingar i euro: TARGET. Målet med systemet er å gjere ei effektiv gjennomføring av pengepolitikken mogleg og å gjere grensekryssande betalingar sikrare og meir effektive. Det er opplyst at TARGET kjem til å vere operativt frå 4.þjanuar 1999. Noregs Bank er i jamleg kontakt med Det europeiske monetære institutt (EMI), frå 1.þjuni 1998 Den europeiske sentralbank (ESB) for å diskutere ei framtidig norsk tilknyting til TARGET. Etter mellom anna desse kontaktane har Noregs Bank vedteke å tilby eit oppgjer i euro frå 4.þjanuar 1999 om ein finn fram til ein høveleg praktisk måte å gjere det på. Noregs Bank vurderer no korleis ein kan forme ut eit eurooppgjer i samtalar med dei norske bankforeiningane som gjeld både tekniske tilhøve og økonomiske vilkår og reglar. På same tid held Noregs Bank fram med drøftingane med europeiske sentralbankar.

Dei 20 største valutabankane i verda (G20) begynte i 1996 å arbeide for å etablere eit system som skulle kunne redusere risiko i valutahandelen. Ei gruppe med noko mindre bankar (G40) der Den norske Bank er med, har arbeidd aktivt for at fleire bankar og fleire valutaer skal vere med. Risikoreduksjonen kan då bli monaleg større. Bankane i desse to gruppene arbeider no saman for å etablere eit system kalla «Continuous Linked Settlement» (CLS). Det inneber at oppgjeret av valutakontraktane til deltakarane skjer simultant i ein fleirvalutabank. Systemet vil bli drive av ein ny oppgjersbank som bankane eig saman. Noregs Bank oppretta i desember 1997 kontakt med denne banken - Continuous Linked Settlement Service (CLSS) - med tanke på å inkludere norske kroner i systemet i framtida. Noregs Bank har opplyst at det må gjerast grundige analysar av den operative utforminga av systemet før Noregs Bank kan ta endeleg stilling i dette spørsmålet.

Ved utgangen av 1997 var det setlar for 42þ889 mill. kroner i sirkulasjon hos publikum, føretak og bankar. Dei siste fem åra har setelomløpet auka med 28,0 pst.

Setelbehandlinga i Noregs Bank er viktig for å sikre at norske setlar som er i sirkulasjon, har god kvalitet og er ekte. Noregs Bank samarbeider med Kriminalpolitisentralen, bankforeiningane, sentralleiinga i Posten, postkontor og bankar for å spreie informasjon om mellom anna sikringselementa i ekte setlar.

Årsgjennomsnittet for verdien av mynt i omløp var 2þ937 mill. kroner i1997. Dette er ein auke på 5,8 pst. frå 1996.

Forretningsverksemda i kasseområdet i Noregs Bank gav 31,9 mill. kroner i inntekt i 1997, ein auke på 21,3 pst. i forhold til 1996.

Dei to produksjonsbedriftene Noregs Banks seteltrykkeri (NBS) og Den Kongelege Mynt (DKM) har som primæroppgåve å utvikle og produsere norske setlar og mynt. Aktiviteten ved DKM har vore sterkt prega av overgangen til ny myntrekkje og produksjon av dei nye 50-øre- og 1-kronemyntane. Forretningsaktiviteten har vore høg ved DKM, og særleg har medaljeproduksjonen vore stor. I NBS reflekterer aktiviteten overgangen tilsetelutgåve VII, med stor produksjon av den nye 100-kronesetelen.

I 1997 førte Noregs Bank vidare arbeidet med å analysere pris- og kostnadsutviklinga, mellom anna ved å publisere kvartalsvise inflasjonsrapportar.

Noregs Bank påverkar dei korte rentene gjennom å fastsetje ein «korridor» for rentenivået i pengemarknaden via dei såkalla signalrentene: foliorenta og D-lånsrenta. Foliorenta er renta bankane får på innskotta sine på foliokonto i Noregs Bank, og D-lånsrenta er renta bankane må betale når dei nyttar låneretten som er knytt til denne foliokontoen og tek opp dagslån i Noregs Bank. Desse rentene vart reduserte to gonger og heva ein gong i løpet av 1997. Den 9.þjanuar vart rentene sette ned med 0,5 prosentpoeng, til respektive 3,50 og 5,50 pst. Med verknad frå 10.þjanuar vart rentene reduserte med nye 0,25 prosentpoeng, til respektive 3,25 og 5,25 pst. Den 16.þjuli vart rentene heva med 0,25 prosentpoeng til respektive 3,50 og 5,50 pst.

Innafor «rentekorridoren» kan Noregs Bank påverke rentenivået i pengemarknaden gjennom å tilføre likviditet til eller trekke inn likviditet frå banksystemet.

Noregs Bank kjøper og sel valuta og påverkar rentenivået i pengemarknaden for å stabilisere valutakursen, men etter retningslinjene for pengepolitikken er det ikkje aktuelt å bruke så sterke verkemiddel når det gjeld kjøp og sal av kroner og endringar i dei kortsiktige rentene, som under fastkurspolitikken fram til 10.þdesember 1992.

Oppbygginga av Statens petroleumsfond inneber at Noregs Bank over tid skal kjøpe valuta som svarar til oppbygginga av petroleumsfondet. I 1997 vart det overført valuta for om lag 62,2 mrd. kroner frå Noregs Bank sine internasjonale valutareservar til Petroleumsfondet. I løpet av 1997 har Noregs Bank brutto kjøpt utanlandsk valuta for totalt 67,8 mrd. kroner og brutto selt for 1,3 mrd. kroner. Mesteparten av valutakjøpa vart gjennomførte i løpet av dei første dagane i året, under eit stort appresieringspress mot krona. I perioden 1. - 10. januar kjøpte Noregs Bankvaluta for motverdien av om lag 31 mrd. kroner. Frå 10. januar til 20. februar vart det ikkje kjøpt eller selt valuta. Etter 20. februar kjøpte Noregs Bank regelmessig utanlandsk valuta til Statens petroleumsfond og Statens petroleumsforsikringsfond.

Etter §þ24 i sentralbanklova skal Noregs Bank forvalte dei offisielle internasjonale reservane. Forvaltinga blir utført etter retningslinjer som er gitt av hovudstyret i Noregs Bank og lagde fram for Finansdepartementet. Retningslinjene gjeld særleg

kredittrisiko, renterisiko og fordelinga på ulike valutaslag. Dei internasjonale reservane er samansette av gull, fordringar på Det internasjonale valutafondet (IMF), kortsiktige bankinnskott og investeringar i rentepapir. Målt ved marknadsprisar ved årsslutt auka desse reservane med 0,5 mrd. kroner til 172,1 mrd. kroner i løpet av 1997. Av dette utgjorde netto valutareservar (internasjonale valutareservar fråtrekte gull og fordringar på IMF og justert for inngåtte, men ikkje oppgjorde valutahandlar) 161,1 mrd. kroner. Ved utgangen av 1996 var netto valutareservar 164,5 mrd. kroner. Dei viktigaste faktorane bak endringa var: valutakjøp for 66,1 mrd. kroner, nedbetaling av utanlandsgjelda til staten med 26,4 mrd. kroner, overføring til Statens petroleumsfond med 61 mrd. kroner og resultatelement på 17,4 mrd. kroner. Etter sentralbanklova §þ25 kan Kongen, seinare delegert til Finansdepartementet, gi forskrifter om plasseringa av dei offisielle valutareservane. Denne adgangen har ikkje vore nytta. I staden har forvaltninga som nemnt vorte utført etter retningslinjer Noregs Bank har gitt og som har vorte lagt fram for departementet.

Noregs Bank sine internasjonale reservar er delte inn i to ulike porteføljar, etter kva formål dei skal tene:

1. Immuniseringsporteføljen, som skal koordinerast med statsgjelda i utanlandsk valuta slik at rente- og valutakursrisikoen samla blir minst mogeleg.
2. Andre valutareservar (første- og andrelinjereservar), som i første rekkje skal kunne nyttast til intervensjonar i valuta- og pengemarknaden.

Dersom første- og andrelinjereservane ikkje er tilstrekkelege, kan også immuniseringsporteføljen nyttast til intervensjonsformål. Ved utgangen av 1997 utgjorde immuniseringsporteføljen 22,9 mrd. kroner og første- og andrelinjereservane 149,2 mrd. kroner.

Noregs Bank er ansvarleg for den operative forvaltninga av Statens petroleumsfond på vegne av Finansdepartementet. Forvaltninga skjer med grunnlag i lov om Statens petroleumsfond av 22.þjuni 1990 nr. 36.

Fondet var ved slutten av 1996 på 47,5 mrd. kroner. Nye midlar vart førte over i 1997, og 31.þdesember 1997 var kronekontoen til fondet i Noregs Bank på i alt 113,3 mrd. kroner.

Forvaltninga i 1997 vart gjort med grunnlag i ei forskrift fastsett av Finansdepartementet 10.þmai 1996. I første halvåret av 1997 brukte ein den same referanseporteføljen som for Noregs Banks andrelinjereservar. Frå 1.þjuli fekk Petroleumsfondet ein ny referanseportefølje frå Finansdepartementet. Avkastinga på Statens petroleumsfond var i 1997 0,2 prosentpoeng høgare enn avkastinga på referanseporteføljen.

Etter tilråding frå Noregs Bank fastsette Finansdepartementet 3.þoktober 1997 ei ny forskrift om forvaltninga, med verknad frå 1.þjanuar 1998. Etter denne forskrifta skal 30-50 pst. av fondet plasserast i aksjar.

Noregs Bank har lang erfaring med internasjonale investeringar i renteberande verdipapir, men ikkje med investeringar i aksjar. For å kunne gjere slike investeringar på ein trygg måte meinte banken at det var naudsynt å byggje opp ein ny organisasjon og styrkje sin kompetanse på dette området, slik at banken skulle ha ein operativ organisasjon frå 1.þjanuar 1998. Med dette som mål sette sentralbanksjefen i gang eit prosjekt som skulle leggje grunnlaget for den nye organisasjonen, slik at den skulle kunne gjere aksjeinvesteringar frå 1.þjanuar 1998. Dette resulterte i detaljerte planar for korleis den nye organisasjonen skulle arbeide. Det vart vidare gjort avtalar med fire eksterne forvaltarar om å byggje opp ein aksjeportefølje tidleg i 1998. Det vart òg gjort avtalar om depottenester for aksjeporteføljen til fondet med ein stor utanlandsk investeringsbank. I Noregs Bank er det bygd opp nye kontrollrutinar for både aksje- og renteinvesteringar. Prosjektet vart avslutta 31.þdesember 1997, og frå 1.þjanuar 1998 vart den permanente organisasjonen Noregs Bank Kapitalforvaltning etablert. Den ligg direkte under sentralbanksjefen.

Noregs Bank følgjer utviklinga i finansinstitusjonane og finansmarknadene. Banken utarbeider mellom anna halvårlege rapportar om stabiliteten i det finansielle systemet og kvartalsvise rapportar om resultat- og balanseutviklinga i finansinstitusjonane. Bakgrunnen for dette arbeidet er at sentralbanken har som oppgåve å fremje stabiliteten i den finansielle sektoren. Rapportane blir sende til Finansdepartementet og Kredittilsynet. Utdrag av rapportane blir publiserte i kvartalsskrifta frå banken, Penger og Kreditt og Economic Bulletin.

Noregs Bank førte i 1997 vidare produksjonen av ulike statistikkprodukt som viser utviklinga i penge-, kreditt-, verdipapir- og valutamarknadene. Statistikken kan vere eit nyttig hjelpemiddel når det skal fattast politiske vedtak på det penge- og valutapolitiske området, ved tilsyn med finansinstitusjonane og ved kontroll med utanlandsbetalingane. Noregs Bank samarbeider nært med Kredittilsynet og Statistisk sentralbyrå om datainnhenting, utarbeiding og publisering av statistikken.

Noregs Bank yter driftskreditt til fiskeindustrien etter retningslinjer som Stortinget har fastsett. Garantiramma var på 150 mill. kroner for 1997 og er uendra for 1998. Ved inngangen til 1997 var åtte engasjement knytte til ordninga, og av desse var fire under avvikling. Ved utgangen av året var talet redusert til seks, og av desse var to under avvikling. Disponert kreditt var på same tid 17,2 mill. kroner. Noregs Bank har i 1997 òg administrert to andre statlege kredittordningar retta mot fiskerinæringa. Begge ordningane er avvikla, men under ei av dei står det framleis att nokre føretak som ikkje har innfridd låna.

Noregs Bank er oppgjersbank for oppgjer knytte til verdipapirtransaksjonar i Verdipapirsentralen og opsjonshandel og futurehandel i Norsk Opsjonssentral.

Frå 1996 gjennomfører Noregs Bank òg oppgjer for kraftfutures.

Etter sentralbanklova §þ3 skal Noregs Bank informere det offentlege om penge-, kreditt- og valutatilhøva. Noregs Bank gir i tillegg til årsmeldinga ut ein forkorta versjon på engelsk. Sentralbanken gir vidare ut kvartalskrifta Penger og Kreditt og Economic Bulletin, der den siste har stoffval tilpassa utanlandske lesarar. Inflasjonsrapportane, som inngår i Penger og Kreditt , blir no dessutan trykte som eigne publikasjonar. I 1997 vart det sendt ut i alt 13 arbeidsnotat, som mellom anna dokumenterer forskings- og utgreiingsarbeid, 7 rundskriv til finansinstitusjonane med informasjon om valuta- og kredittpolitiske tiltak, 23 pressemeldingar og månadlege pressebulletinar om kreditt- og valutatilhøva og om andre tilhøve av allmenn interesse. Banken sender òg ut ei rekkje større eller mindre rapportar, mellom anna om betalingsformidling, og heftet Finansstatistikk (17 hefte i 1997).

Rekneskap for 1997

Tabell 4.2 og 4.3 i meldinga viser balanserekneskapen til Noregs Bank ved utgangen av 1997, samanlikna med tilsvarande tal for 1994, 1995 og 1996.

Avkastinga på netto valutareservar utgjer 18þ296 mill. kroner i 1997 mot 7þ627 mill. kroner i 1996. Av avkastinga i 1997 utgjer valutakursgevinst 5þ704 mill. kroner mot eit valutakurstap på 4þ240 mill. kroner i 1996.

Amerikanske dollar utgjorde 12,6 pst. av valutareservane ved utgangen av 1997 mot 14,4 pst. året før. Tilsvarande utgjorde tyske mark 32,4 pst. i 1997 mot 35,8 pst. ved utgangen av 1996.

Gullreservane til Noregs Bank er førte opp under internasjonale reservar med 283,6 mill. kroner. Den bokførte verdien er utrekna på grunnlag av den offisielle gullprisen som er fastsett av Det internasjonale valutafondet (IMF), som svarar til ein kilopris på 7 732,27 kroner. Marknadsverdien på gull er vesentleg høgare enn dette.

Posten «andre krav på utlandet» består mellom anna av den delen av Noregskvote i IMF som er i norske kroner. Tilsvarande gjeldsbeløp er bokført under «gjeld til utlandet».

Noregs Bank si behaldning av norske verdipapir er sett saman av omsetjelege sertifikat og norske statsobligasjonar. I 1997 kjøpte sentralbanken statssertifikat i første- og andrehandsmarknaden for om lag 3,9 mrd. kroner, medan sertifikat for 3,8 mrd. kroner forfall gjennom året.

I januar 1997 nettoselde Noregs Bank obligasjonar for 2,1 mrd. kroner i andrehandsmarknaden. Noregs Bank reduserte obligasjonsbehaldningane for å trekkje inn noko av likviditeten som vart tilført ved dei store valutaintervensjonane på denne tida.

Eigedomsmassen, maskinane og inventaret til Noregs Bank utgjer 2þ148 mill. kroner pr. 31.þdesember 1997.

Setlar og mynt i omløp auka i 1997 med 2,7 mrd. kroner til 46,0 mrd. kroner, mot 43,3 mrd. kroner året før. Innskott frå statskassa auka i 1997 med 3,8 mrd. kroner til 84,4 mrd. kroner, mot 80,6 mrd. kroner året før. Eigenkapitalen auka med 10,2 mrd. kroner til 39,2 mrd. kroner, mot 29,0 mrd. kroner ved utgangen av 1996.

Statens petroleumsfond er plassert som kroninnskott på særskild konto i Noregs Bank. Noregs Bank plasserer desse midlane særskilt i banken sitt eigenamn i aktiva denominert i utanlandsk valuta. Forvaltninga blei i 1997 utført i samsvar med forskrift for forvaltning av Statens petroleumsfond av 10.þmai 1996. Pr. 31.þdesember 1997 var saldoen på kronekontoen til fondet 113,3 mrd. kroner.

Tabell 4.4 viser resultatrekneskapen til Noregs Bank for 1997 samanlikna med tilsvarande tal for 1996. Årsresultatet til Noregs Bank etter kursreguleringar var for 1997 ein gevinst på 14,1 mrd. kroner, mot 4,4 mrd. kroner året før.

Samla renteinntekter for Noregs Bank var for 1997 14,0 mrd. kroner, mot 11,9 mrd. kroner i 1996. Renteinntektene frå innanlandske sektorar var i 1997 på 0,8 mrd. kroner, mot 1,3 mrd. kroner i 1996. Renteinntektene frå utanlandske sektorar i 1997 var 13,2 mrd. kroner, mot 10,6 mrd. kroner året før.

Netto driftskostnader for Noregs Bank var i 1997 på 718,2 mill. kroner, mot 694,5 mill. kroner i 1996. Personalkostnadene i 1997 utgjorde 455,4 mill. kroner, mot 444,7 mill. kroner ved utgangen av 1996.

Retningslinjene for avsetjing og disponering av overskottet til Noregs Bank vart fastsett i kgl. res. 7. februar 1986. Desse retningslinjene er endra fleire gonger, seinast ved kgl. res. 17.þjanuar 1997.

I samsvar med punkt 1 i retningslinjene blir kursreguleringsfondet for 1997 tilført 8þ671,3 mill. kroner.

I samsvar med punkt 2 i retningslinjene blir det overført 5þ483,5 mill. kroner til overføringsfondet.

I samsvar med punkt 3 i retningslinjene blir det for 1997 overført 3þ811,0 mill. kroner til statskassa.

4.2 Merknader frå komiteen

Komiteen tek departementet si orientering til etterretning.

Komiteen har elles ingen merknader.

5. VERKSEMDA TIL KREDITTILSYNET I 1997

5.1 Samandrag

Kredittilsynet er det sentrale offentlege organet som fører tilsyn med at finansinstitusjonane innrettar seg etter dei rettslege rammevilkåra som til kvar tid gjeld for finansmarknaden. Mellom anna skal Kredittilsynet sjå til at lover og forskrifter blir følgde.

Kredittilsynet skal, i følgje kredittilsynslova §þ8 andre ledd, kvart år gi Finansdepartementet ei melding om verksemda. I meldinga omtalar Kredittilsynet

organisatoriske forhold, rekneskap og generelle spørsmål knytte til tilsynsarbeidet. Vidare blir det gitt ein nærmare omtale av arbeidet innafor dei ulike tilsynsområda.

I meldinga og i årsmeldinga frå Kredittilsynet er det nærmare omtale av administrative tilhøve o.a. i Kreditttilsynet. Årsmeldinga inneheld òg Kredittilsynet sitt syn på tilhøva i finansmarknaden og verksemder under tilsyn.

Det er i meldinga gjort greie for konkursen i Noka Securities den 24.þapril 1997 og nokre andre større saker.

5.2 Merknader frå komiteen

K o m i t e e n tek departementet si orientering til etterretning.

K o m i t e e n har elles ingen merknader.

6. VERKSEMDA I STATENS BANKSIKRINGSFOND I 1997

6.1 Samandrag

Det er i meldinga gjort greie for det rettslege grunnlaget for Statens Banksikringsfond, og for organisasjon og leiing.

Statens Banksikringsfond hadde i 1997 eit overskott på 204 mill. kroner. Hovuddelen av fondsinntektene var utbytte på aksjar i Den norske Bank, med 182 mill. kroner. Fondet hadde dessutan renteinntekter frå utlån og plasseringar på til saman 16,3 mill. kroner og vinning ved sal av aksjar på 7,2 mill. kroner.

Fondet hadde i 1997 kostnader på til saman 1,5 mill. kroner.

Forvaltningskapitalen til fondet var ved utgangen av 1997 på 1þ304 mill. kroner.

Etter instruks frå departementet vart det overført 200 mill. kroner frå fondet til staten i første halvår 1998.

Fondet har følgt opp Den norske Bank, Kreditkassen og Fokus Bank ved å gå gjennom dei kvartalsvise rapporteringane frå bankane. Fondet har også i 1997 arbeidd med forhold knytte til avvikling av Oslobanken. Oslobanken er no på det nærmaste avvikla.

Det har frå styresmaktene si side vore lagt til grunn at eigardelane som Statens Banksikringsfond har i norske bankar, skal vere avgrensa i tid, og at den langsiktige eigarskapen skal forvaltast av Statens Bankinvesteringsfond. I samsvar med dette vart det ved lovendring 23.þjuni 1995 opna for at Statens Banksikringsfond kan overføre ansvaret for forvaltninga av aksjar til Statens Bankinvesteringsfond. Dette vart gjort i juli same år.

«Lov om sikringsordningar for bankar og offentleg administrasjon m.v. av finansinstitusjonar» vart vedteken 6.þdesember 1996. I samband med framlegget til ny lov vart det tilrådd frå departementet at lov om Statens Banksikringsfond blir oppheva i løpet av relativt kort tid, og at verksemda i fondet blir avvikla. Departementet vil kome attende med forslag om oppheving av lov om Statens Banksikringsfond.

Det er i meldinga gjort greie for Oslobanken under avvikling.

6.2 Merknader frå komiteen

K o m i t e e n tek departementet si orientering til etterretning.

K o m i t e e n har elles ingen merknader.

7. VERKSEMDA I STATENS BANKINVESTERINGSFOND I 1997

7.1 Samandrag

Det er i meldinga gjort greie for det rettslege grunnlaget for Statens Bankinvesteringsfond og for Styre og administrasjon i Statens Bankinvesteringsfond.

Statens Bankinvesteringsfond hadde i 1997 eit overskott på 855 mill. kroner mot 1þ344 mill. kroner i 1996.

Driftsinntektene utgjorde 681 mill. kroner og driftskostnadene 6,6 mill. kroner. Driftskostnadene er større enn året før på grunn av arbeidet med den føreslåtte Christiania-fusjonen. Av inntektene utgjer utbytte frå aksjar i DnB og Kreditkassen til saman 838 mill. kroner. Sum renteinntekter er lågare enn i fjor som følgje av mindre gjennomsnittsbehaldning av likvide midlar og renteberande ansvarlege lån.

Bankinvesteringsfondet har ikkje gitt tilsegn om deltaking i ny ansvarleg kapital i 1997.

Marknadsverdien for investeringane til Bankinvesteringsfondet utgjorde 16þ633 mill. kroner pr. 31.þdesember 1997. Det er 11þ536 mill. kroner meir enn bokførtverdi. Meirverdien ved førre årsskifte utgjorde 6þ242 mill. kroner.

Heile årsoverskottet på 855 mill. kroner er avsett som utbytte til staten.

Verdipapirporteføljen som Bankinvesteringsfondet forvaltar, hadde i 1997 samla driftsinntekter på 1þ053 mill. kroner og eit nettoresultat på 1þ046 mill. kroner etter frådrag av driftskostnader.

Det vart i St.meld. nr. 39 (1993-94) Bankkrisemeldingen s. 127 gjort greie for formålet og retningslinjene for den statlege medeigarskapen i norske forretningsbankar.

Den norske Bank og Kreditkassen hadde ei avkasting på linje med den norske bankindeksen i 1997. Samla avkasting på aksjane i DnB og Kreditkassen medrekna utbytte var på høvesvis 52,2 og 57,9 pst. Av delindeksane på Oslo Børs steig bankindeksen mest i 1997 med 53,8 pst. Omsetnaden av aksjar i DnB og Kreditkassen har i 1997 vore god, med samla omsetnad på høvesvis 9,7 og 6,4 mrd. kroner. (Kjelde: Oslo Børs.)

Ved utgangen av 1997 hadde Bankinvesteringsfondet eigardelar i DnB og Kreditkassen til ein bokført verdi på i alt 5þ097 mill. kroner. I tillegg til dette forvalta Bankinvesteringsfondet ein portefølje av aksjar i DnB for Banksikringsfondet med ein bokført verdi på 1þ040

mill. kroner. Samla marknadsverdi av porteføljen som Bankinvesteringsfondet forvalta pr. 31. desember 1997, var 20þ304 mill. kroner.

I Nasjonalbudsjettet 1998 skreiv regjeringa Jagland at den statlege aksjeeiga i DnB og Kreditkassen burde reduserast til ein tredel, fordi det er Regjeringa sitt syn at ein eigardel på ein tredel er nok til å nå målet med den statlege eigarskapen i finansnæringa. Sala burde skje etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå ei best mogleg avkasting for staten som eigar, i tråd med det som er lagt til grunn ved tidlegare sal av aksjar frå fondet. Aksjesala burde skje i 1998, dersom ikkje særlege forretningsmessige tilhøve skulle tilseie at heile eller delar av den aktuelle aksjehandelen bør utsetjast til 1999.

I St.prp. nr. 1. Tillegg nr. 3 (1997-98) om endring i St.prp. nr. 1 (1998-99) om statsbudsjettet medregnet folketrygden 1998 la regjeringa Bondevik til grunn at Bankinvesteringsfondet og Banksikringsfondet sel aksjar dei har i DnB og Kreditkassen i 1998, slik at eigardelen fondet har i dei to bankane, blir redusert til ein tredel. Det har såleis vore lagt opp til at aksjesala skjer i 1998, dersom ikkje marknadstilhøva skulle tilseie seinare sal. Gjennom sala vil ein prøve å oppnå ein spreidd eigarskap i dei to bankane.

I pressemelding frå Statens Bankinvesteringsfond av 17.þmars 1998 vart det informert om at det blir planlagt nedsal frå noverande ca. 52 pst. ned mot 33 1/3 pst. av aksjane i DnB. Det blei vidare sagt at storleiken på spreiingssalet, saman med tidspunktet for salet og den nærmare framgangsmåten, ville bli vurdert jamnleg.

Føresetnaden er at det planlagde salet skal skje både som eit offentleg sal til publikum i Noreg og som ei institusjonell plassering til norske og utanlandske institusjonar. Det vil bli lagt særleg vekt på å leggje eit sal til rette for best mogleg spreiing blant private investorar i Noreg.

Styra i Kreditkassen og Storebrand ASA la 1.þapril 1997 fram eit forslag til fusjonsplan.

Bankinvesteringsfondet vedtok å støtte fusjonen mellom Kreditkassen og Storebrand ASA på generalforsamlinga 26.þjuni 1997. Bankinvesteringsfondet som eigar vurderte forslaget om fusjon på forretningsmessig grunnlag. Bankinvesteringsfondet hadde før generalforsamlinga i samsvar med vedtektene og lov om Statens Bankinvesteringsfond lagt vedtaket fram for Finansdepartementet.

Vel 62 pst. av røystene på generalforsamlinga i Storebrand ASA sa ja til fusjonsframlegget, medan 37 pst. sa nei. Dermed fekk ikkje fusjonsframlegget det nødvendige fleirtalet på to tredelar, og framlegget om fusjon mellom Kreditkassen og Storebrand ASA fall bort.

7.2 Merknader frå komiteen

Komiteen tek departementet si orientering til etterretning.

Komiteen har elles ingen merknader.

8. VERKSEMDA TIL FOLKETRYGDFONDET I 1997

8.1 Samandrag

Stortinget fastsette 20.þjuni 1997 eit nytt regelverk for administrasjon av Folketrygdfondet og for forvaltning av midlane, revisjon o.a. i samsvar med §þ23-11 fjerde ledd i «lov av 28.þfebruar 1997 nr. 19 om folketrygd». Det nye regelverket erstatta det regelverket som vart fastsett av Stortinget 15.þfebruar 1990 med seinare endringar, siste gongen 21.þjuni 1996. Ein erstatta det gamle regelverket av formelle grunnar mellom anna som følgje av at ein endra lova om folketrygd. Etter reglane skal styret for fondet sende årsmelding og rekneskap til Finansdepartementet, som på si side skal leggje fram melding for Stortinget. Årsmeldinga og rekneskapen for 1997 vart sende til departementet i brev 31.þmars 1998, og følgjer som utrykt vedlegg til meldinga.

Det er i meldinga gjort greie for styre og administrasjon for Folketrygdfondet i 1997.

Dei samla administrasjonsutgiftene til fondet, inklusive husleige, løn, styrehonorar o.a., utgjorde 16,1 mill. kroner i 1997.

Heimelen i §þ9 i reglementet for fondet til å gi nærare retningslinjer om forvaltninga vart delegert til Finansdepartementet ved kongeleg resolusjon 17.þjanuar 1992. Slike retningslinjer er av generell karakter, til dømes ved at ein fastset kvantitative rammer for verksemda.

Finansdepartementet fastset, med heimel i §þ9 i retningslinjene, kvart år ramma for kor mykje Folketrygdfondet kan auke investeringane i private og kommunale obligasjonar og sertifikat (utan statsgaranti), bankinnskott og aksjar.

Finansdepartementet fastsette i brev av 12.þmars 1997 til fondet ramma for private og kommunale plasseringar til 2,0 mrd. kroner, det vil seie om lag same nivå som faktisk auke året før, og 0,5 mrd. kroner lågare enn Folketrygdfondet sitt forslag. Annan plasseringsauke skulle skje i stats- og statsgaranterte papir eller som kontolån til statskassa. Departementet la i si vurdering av ramma vekt på at når Folketrygdfondet plasserer pengar i den private marknaden, så inneber det i realiteten at staten må auke si opplåning frå anna hald tilsvarande. Dette følgjer av at statlege budsjettoverskott blir kanaliserte til petroleumsfondet, og at staten derfor vil ha monalege opptak av lån i tida framover, mellom anna knytte til refinansiering av eksisterande gjeld. Når Folketrygdfondet plasserer avkastninga si i statlege verdipapir, er fondet i så fall med på å dekkje dei lån staten har bruk for. Departementet la i si vurdering også til grunn at Folketrygdfondet sjølv utan nokon auke i behaldninga av private og kommunale papir kunne auke sine nettoplasseringar i aksjemarknaden opp til grensa som Stortinget har vedteke på 20 pst. av forvaltningskapitalen, ved å omplassere eksisterande bankinnskott og private og kommunale obligasjonar. Ved utgangen av 1997 svara

den øvre grensa for eigenkapitalplasseringar for Folketrygdfondet til vel 20 mrd. kroner. Fondet sine eigenkapitalplasseringar var på same tid på vel 10 mrd. kroner, medan dei samla plasseringane i private og kommunale obligasjonar og sertifikat var på meir enn 26 mrd. kroner.

Folketrygdfondet sin del av marknaden for aksjar var i 1997 på om lag 3,7 pst. Folketrygdfondet skriv i sin årsrapport mellom anna følgjande:

«Ved vurdering av aksjeporteføljens størrelse til enhver tid legges vekt på at fondet med sine kjøp og salg ikke skal bidra til å forsterke kurssvingningene i markedet. (...) Styret legger vekt på at fondet ikke får en høyre markedsandel i aksjemarkedet enn det som er likviditetsmessig tjenlig og risikomessig forsvarlig.»

Folketrygdfondet auka i 1997 forvaltningskapitalen sin med 8,6 mrd. kroner, til 111,1 mrd. kroner.

Stats- og statsgaranterte obligasjonar og sertifikat (inkl. kontolån til statskassa knytte til underliggjande statslån) er hovudplasseringsforma til Folketrygdfondet. Ved utgangen av 1997 var 61,2 mrd. kroner plasserte i denne kategorien papir (rekna etter bokført verdi), eller 62,4 pst. av dei samla plasseringane til fondet.

Dei samla plasseringane til fondet i private og kommunale obligasjonar og sertifikat auka frå om lag 25,6 mrd. kroner ved utgangen av 1996 til 26,6 mrd. kroner ved utgangen av 1997. Dette svara til høvesvis 28,2 og 27,1 pst. av dei samla plasseringane. Bankinnskotta var på 77 mill. kroner ved det siste årsskiftet.

Folketrygdfondet har frå juni 1991 hatt høve til å plassere i eigenkapitalinstrument i form av børsnoterte aksjar, grunnfondsbevis og konvertible obligasjonar (jf. St.prp. nr. 69 (1990-91) og Innst. S. nr. 228 (1990-91)). Øvre grense for eigenkapitalplasseringar var ved utgangen av 1997 20,3 mrd. kroner rekna på grunnlag av bokført verdi av fondskapitalen inklusive opptente, ikkje utbetalte renter. Eigenkapitalplasseringane til fondet var på same tid på i alt 10,2 mrd. kroner (bokført verdi) investert i 50 ulike selskap. Eigenkapitalplasseringane svara til 10,4 pst. av dei samla plasseringane til fondet. Plasseringane i eigenkapitalinstrument auka frå utgangen av 1996 til utgangen av 1997 med 1,5 mrd. kroner. Marknadsverdien av dei samla eigenkapitalplasseringane til fondet i form av aksjar, grunnfondsbevis og konvertible obligasjonar var ved utgangen av 1997 på 16,8 mrd. kroner. Fondet hadde såleis ein urealisert kursvinst på slike verdipapir på 6,6 mrd. kroner. Samla urealiserte kursvinstar (netto) og opptente ikkje utbetalte renter utgjorde 13,0 mrd. kroner.

Det verdikorrigerte resultatet til Folketrygdfondet (dvs. inkl. urealiserte vinstar) var i 1997 på 8,6 mrd. kroner. Dette svara til ein avkastningsrate på 8,4 pst. rekna på basis av fondet sin kapital ved inngangen til året, mot ei avkastning på 10,2 pst. i 1996. Avkastninga på fondet sine plasseringar i renteinstrument (obligasjonar, sertifikat og bankinnskott) var i 1997 på 6,0 pst., medan avkastninga på aksjar var på 25,9 pst.

Samla renteinntekter i 1997 var 6þ271 mill. kroner, medan motteke aksjeutbytte var på 388 mill. kroner. Fondet hadde i 1997 ein realisert kursvinst på aksjar og obligasjonar på til saman 774 mill. kroner. Fondet hadde gjennom året ein auke i urealiserte verdipapirvinstar på aksjar og obligasjonar på 1,2 mrd. kroner. Dei urealiserte kursvinstane var fordelte med 2,0 mrd. kroner på aksjeporteføljen og -0,9 mrd. kroner på dei resterande verdipapira.

8.2 Merknader frå komiteen

Komiteen tek departementet si orientering til etterretning.

Komiteen har elles ingen merknader.

9. TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen viser til meldinga og til det som står framføre og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

St.meld. nr. 55 (1997-98) Kredittmeldinga 1997 - vert å leggje ved protokollen.

Oslo, i finanskomiteen, den 8. desember 1998.

Lars Gunnar Lie,	**Ranveig Frøiland,**	**Siv Jensen,**
leiar.	ordførar.	sekretær.